

Landbruks- og matdepartementet

Deres ref:

Vår ref: 2018/158020

Dato: 08.07.2020

Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## Mattilsynet har justert forslaget om ny velferdsforskrift for storfe, svin, sau og geit

Mattilsynet har foreslått å slå saman forskriftene om hald av storfe, svin, sau og geit til ei felles velferdsforskrift for dei fire dyreslaga. Vi sende forslaget til departementet 9. juli 2018 og eit revidert forslag 28. juni 2019.

Sidan sist har vi fått fastsatt kravet om å delta i dyrevelferdsprogram for svin. Dermed har vi fått gjennom eitt av dei mange forslaga vi har fremma. Vi har endra forslaget slik at § 44 tilsvarar det nye kravet i svinhaldsforskrifta og ikkje lenger framstår i høyringsbrevet som noko nytt.

Vi har også

- presisert nærmare kva for dyreslag som er omfatta (§ 3)
- fått med meldeplikt om opphøyr av dyrehald (§ 5)
- presisert rutinekrava for tilfelle der dyrehaldaren ikkje sjølv kan ta vare på dyra (§ 7)
- fått med rutinekrav for korleis moglege nødssituasjonar blir handterte (§ 7)
- presisert kravet til opphaldsrom slik at det blir meir dekkande for ulike typar bygningar (§ 12)
- forenkla hovudregelen om brannalarmanlegg ved å vise til andre offentlege krav og Norsk Standard (§ 17)
- stroke krava om kva dyrehaldaren skal gjere ved brann, sidan dette dekkast av rutinekrava (§ 17, jf. § 7)
- presisert reglane om inngrep på dyr (§ 27)

Justerte utkast til ny velferdsforskrift og høyringsbrev følger vedlagt.

Vi ber om å få sende det justerte forslaget på høyring.

Med helsing

Bjørnar Stavenes  
fungerande seksjonssjef

Vedlegg: Utkast til forskrift og høyringsbrev